



Kristian Bringedal sleg fast at det kunne gått langt verre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Heflige vindkast prega ettermiddagen måndag og ei velvaksen grein av eit gammalt bøketre på Bygdetunet Rød ga etter for naturkreftene.

Ho velta over taket på stallen og sopa også borti våningshuset, men så vidt kultursjef og museumsforvaltar Kristian Bringedal kunne sjå vart det ikkje nokon større skader. Når først gale skulle skje, kunne det gått langt verre, var konklusjonen hans.

Samtidig var hendinga ei påminning om at dei gamle trea rundt bygdetunet utgjer eit permanent trugsmål mot bygningane. Det gjeld mellom anna det utruleg majestetiske, freda eiketreet frå mellomalderen.

Samstundes er trea ein svært viktig del av museumsmiljøet og dei bør få leva så lenge som mogeleg. Det er eit paradoks – og eit dilemma!

Av Ola Matti Mathisen



Bøketreet la seg til rette over stallen uten å gjera nokon stor skade. (Foto: Ola Matti Mathisen)